

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2011-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

**Namn på skulen:**

**Tal elevar skuleåret 2015/16:**

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

### 1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	76,7
2015/16	79,4

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	11,18	13,19
	2015/16	12,4	10,07
Standpunkt	2014/15	8,61	5,73
	2015/16	7,8	6,65
Eksamen	2014/15	9,49	
	2015/16	4,55	

### 1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	18,26
	dagar	8,45
2015/16	timar	17,92
	dagar	9,86

### 1.4 Andel sluttarar Avbrotsgdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	4,8
2015/16	5,2

(Vi har tatt utgangspunkt i tal frå same tidspunkt i fjor, for å ha ei reell samanlikning. Etter ei tid har desse tala endra seg i positiv retning, og vi reknar med at dette også vil skje i år.)

Andel **reelle** sluttarar, er lågare i år enn i fjor; 19 i år mot 26 i fjor.

**1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17*****Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Resultata for skulen i år var 79,4%; noko betre enn i fjor, 76,7%. Gjennomføringa på yrkesfagleg utdanningsprogram er god, 81,5 % - grønt resultat. Vi reknar med at prosenten vil betre seg når klagebehandling på eksamenskarakterar er fullført. Også i år har vi dårlegare gjennomføring på PB, men med ei tydeleg betring frå i fjor; 61,2% mot 54,7%. Andel elevar med IV har gått noko ned frå i fjor, likeeins andel elevar med karakteren 1. Det har vorte jobba mykje med tydeleg klasseleiing og ekstra innsats med midlar frå fylket i matematikk (PB). Vi ser på dette som ei årsak til betre resultat. Utfordringa blir å halde trykket oppe på dei tiltaka vi tenkjer har medverka til betre resultat. Vg2- og Vg3-elevar har fått tilbod om «redningspakkar» i KØ. 70 % av desse fekk karakteren to eller betre. Vg1- elevar har fått tilbod om redningspakke i matematikk, men frammøtet til desse timane var skuffande låg. Likevel var det 45 % som gjekk ut med ståkarakter. Her må vi samarbeide meir med foreldra.

Fråværet «dagar» har samla for heile skulen auka noko. Det er vi ikkje nøgde med, og vi må jobbe vidare for å snu denne utviklinga. Vi ser at høgt fråvære i PB gir dårlege resultat, og det er stor skilnad på dei to PB-klassane når det gjeld fråvær og fullføring.

***Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

Rådgjevarane våre har eit nært samarbeid med rådgjevarane på ungdomsskulane som sender elevar til oss. Vi lar elevar frå ungdomsskulen hospitere hos oss. Vi har også orienteringsmøte for elevar og føresette. Vi planlegg i haust eit møte med rådgjevarane i regionen for å informere nærare om endringar og innhald i fag, slik at dei kan formidle dette vidare, og minske faren for feilval. Vi ser at feilval har gått ned, og ønskjer å fortsetje dette arbeidet.

Vi skal følgje tettare opp elevar som ikkje har bestått tidlegare år i vidaregåande skule. Nødvendig og viktig informasjon knytt til eigne elevar som held fram ved skulen, skal bli betre. Vi held fram med startsamtale med alle elevar. På Vg1 har vi startsamalar saman med føresette.

Skulen har dei siste åra auka ressursen til rådgjevarane, og kommunen har gitt auka ressurs til helsesøster. Vår skule gir også neste år midlar for å behalde helsesøster i same stillingsprosent som i fjor; 80 %, d.v.s. skulen dekkjer 20 % av dette.

Meistringsteamet i Os kommune vil komande skuleår i større grad følgje opp elevar som dei har jobba med frå ungdomsskulane i Os. Dette gjeld særleg overgangen til vgs.

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Vi ser at talet på reelle sluttarar har minska i stor grad; frå 26 til 19. Dette er vi godt nøgde med, og vi vil halde fram med arbeidet for å få ned talet på sluttarar. Ei vesentleg årsak til «sluttarane», er personlege årsaker/sjukdom. Vår største utfordring er at PB står for ein stor del av sluttarane. Vi håper at tilsetjinga av psykologar i fylket knytt til vidaregåande skular, vil føre til lågare fråvær hos elevar som slit.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

Vi held fram med HT-grupper i byggfag og TIP-fag. Denne satsinga har vore særlykklykka. Vi held fram med auka ressurs til rådgjevarane. Auka ressurs til helsesøster også (60 % gitt av Os kommune og 20 % gitt av Os vgs).

Utbygging av studieverkstaden og tett oppfølging av minoritetsspråklege.

Fokus på «klassens tid» og «klasse møte», for å fange opp elevar vi er bekymra for. Til dømes dei som tar til med å få ein del fråvær. Avdelingsleiarane/kontaktlærarane vil i større grad bli trekt inn i ressursteamemøta for betre å kunna følgje opp elevar som dei er bekymra for på eigne avdelingar. Det er viktig å motverke utanforskap og få til eit inkluderande

psykososialt klasse miljø. Det vil også gi auka læringsutbytte og personleg utvikling og trivsel. Tettare samarbeid med heimen er også ønskjeleg. Også når eleven er over 18 år, når det er mogleg (samtykke frå eleven).

Resultata viser at vi må sjå på kven som vel PB. Med låg motivasjon/innsats, er det gjerne eit betre val å ta fagbrev (få læreplass eller ta Vg3 i skule). Denne diskusjonen må vi ta med dei aktuelle elevane i samarbeid med rådgjevarane.

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

### 2.1 Vurdering for læring

#### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga og eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2011 - 2015.

#### 2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

*Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:*

Undersøkinga viser at resultat for «vurdering for læring» er som i fjor (gul +). Tala er noko lågare enn i fjor, og vi ser at vi må ha meir fokus på dette igjen. Å oppleve fagleg meistring og tru på egne «ferdigheter» vil utan tvil demme opp for frávær.

#### 2.1.2 utfordringar innan «vurdering for læring»

##### *Utfordringar:*

Vår score på dette området har gått litt ned, sjølv om vi fortsatt er «Gul +». Vi vil fortsatt ha dette som mål i utviklingsplanen og ha tiltak i forhold til dette målet. Vi vil sjå på ulike former for vurdering, tilbakemeldingar, framovermeldingar. Erfaringsutveksling på eigen skule, er eit tiltak vi vil halde fram med i større grad. Vi veit at nokre lærarar gjer eit framifrå arbeid her, men vi trur at vi framleis har ein veg å gå, og vurderer å tilby kurs, eventuelt invitere inn forelesarar frå andre skular/kurstilbydarar. Vi er nøgde med at resultata i hovudsak er like på tvers av dei ulike programområda. Dette tyder på godt samarbeid og eins praktisering.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga og eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2011 - 2015.

### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

#### *Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:*

Vi er på god veg. Vi vil halde fram med samarbeidet med bibliotekar og satse enda meir på riktig kjeldebruk og nettvett. Her samarbeider vi også med Os lensmannskontor. Fleire lærarar enn tidlegare, tar i bruk digitale lærebøker/hjelpemiddel. Bygg- og anleggsteknikk bruker Smartdok, som ei form for dokumentasjon på det praktiske arbeidet som blir utført. På yrkesfaglege programområde nyttar lærarar og elevar i stor grad ulike program knytt til sine fag. GAFE (Google apps for education) er også i bruk, og vi vil fortsetje arbeidet med å implementere dette. Vi vil også satse på Office 365.

### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

#### *Utfordringar:*

Vi har nokre utfordringar med «kritisk bruk av IKT».  
Vi har vore med to år i eit internasjonalt prosjekt kalla «Safe Internet for all». Dette har gitt auka kunnskap om ulike uheldige sider ved overdriven og ukritisk bruk av internett. Resultatet frå dette arbeidet vil vi byggje vidare på.  
Vi må saman med e-koordinator syte for at lærarar får den naudsynte opplæringa. E-koordinatorressursen skal vi auke frå 10% til 20%, fordelt på to personar. Dette trur vi vil gi meir fleksibilitet og styrke den interne opplæringa.

## 2.3 Klasseleing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga og eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2011 -15.

### 2.3.1 Vurdering av «klasseleing»:

#### *Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:*

Samanlikna med tidlegare år så er vi blitt betre på arbeidsro, men noko dårlegare på handheving av felles reglar.

*På elevdemokrati og medverknad skårar vi generelt bra, grønt på dei fleste avdelingar. Dette gjeld og for fellesreglar. Vi er framleis ikkje heilt nøgde med elevane si tilbakemelding på arbeidsro. Vi må nok reagere raskare etter at problem som uro og regelbrot er definert.*

**2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»****Utfordringar:**

Vi må halde fram med tiltaka knytt til fellesreglar, slik at alle avdelingar får gode resultat. Avdelingsleiarar vil følgje opp praktiseringa av felles regler, som er stramma noko inn. Kjernen i undervisninga er forholdet mellom lærar, elev og innhald. Vi må truleg ha større fokus på korleis oppnå «relasjonell kompetanse» og korleis skape føreseielege felles rammer rundt læringsarbeidet.

**3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med****3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket**

Skulen har tatt del i eit prosjekt kalla «Systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø», saman med andre vidaregåande skular i fylket. Vårt arbeid med «klassens tid» er ein del av vårt prosjekt. Hausten 2016 vil vi halde kurs for kontaktlærarar og tillitselevar, for å kvalitetssikre arbeidet med nettopp «klassens tid» og «klasse møte». Vi skal i september 2016 ha ei dags-samling i Oseana, kulturhuset i Os, for heile skulen med tema «Korleis forhindre utanforskap».

**3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?**

- For å sikre elevdemokrati/elevmedverknad.
- Sikre godt klassemiljø. Relasjonsbygging elev/lærar og elev/elev.
- Ansvarleg-gjere både elevar og kontaktlærarar.
- «Klassens tid» skal mellom anna brukast til å styrke klassemiljøet og til å betra rutinar og oppfølging av enkeltelevar (med tanke på mellom anna fråvær). Skulen har i samarbeid med helsesøster innført eigne retningslinjer for oppfølging av fråvær.
- Legge til rette for at elevane kan halde seg orienterte om eige fråvær.
- Gi kontaktlærar høve til å fange opp og følgje opp ulike saker raskare.

**3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**

*Dette har vore tema på fellesmøte for alt pedagogisk personale, på elevrådsmøte og på kontaktlærarmøte.  
Leiinga har hatt faste lunsjmøte med elevrådsleiinga kvar månad.*

**3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?**

Kvaliteten på «Klassens tid» er blitt betre og vert praktisert meir likt i alle klassar. «Klasse møta» vert gjennomført meir likt og etter felles ny mal. Deltakarane er blitt forplikta til i større grad å møte førebudde, ut frå fast sakliste, og referata frå møta er vi i ferd med å få på plass på It`s Learning.

**3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?**

JA

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### 4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

V har avsett fast samarbeidstid 4 gonger i året. I år har vi starta faste team-møte kvar veke på alle avdelingar. Elevinspektør har egne prosessar med elevrådet gjennom heile året. Avdelingane har møte kvar månad, nokre gonger skal dei nyttast til vurderingsarbeid (skulevurdering), særleg etter 1. termin. Leiinga legg fram resultat og statistikk frå 1. termin. Klassemøta har fast «vurdering av fråvær», «støttebehov», og «arbeidsmiljø» på dagsordenen. Leiinga har utarbeidd sakliste for dei ulike møta. Resultata ved 1. termin vert og drøfta med kontaktlærargruppa. Ressursteamet har desse sakene fast oppe på sine møte, kvar veke. Vi planlegg ny personalsamling våren 2017.

### 4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Avdelingsleiarane har deltatt på team-møta. Noko av samarbeidstida er brukt til ulike tema frå Utviklingsplanen. Oppsette grupper har levert skriftlege innspel til leiinga. Elevrådet har medverka gjennom prosessar i elevrådsmøta. Leiinga får gode referat frå desse. Dei tillitsvalde blir bevisstgjort deira rolle ovanfor andre elevar og tilsette. Organisasjonane er også trekte inn i arbeidet gjennom samarbeidsmøte.

### 4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Gjennom samarbeidstida og avdelingsmøta. Samarbeidstida er kanskje mest effektivt brukt til dette, og blir best førebudde i leiargruppa. Samarbeidstida gjer at vi kan ha gruppeprosesser på tvers av avdelingane. Det har vore gunstig med tanke på utvikling.

### 4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Leiinga har lunsj med elevrådsstyret ein gong i månaden. Elevrådet har hatt 8 samlingar i løpet av skuleåret (ein heil dag og 7 halve dagar) der delar av utviklingsplanen alltid har vore tema. Elevrådsstyret er med i prosjektgruppa «Systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø». Ein kontaktlærer er også med i prosjektgruppa. Elevrådsstyret er også med i skulemiljøutvalet.

### 4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Oppfølging av arbeidet som er starta opp og å motivera den einskilde, elev og tilsett, til å ta del i dette arbeidet.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

### 5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt

***styringsdokument i organisasjonen?***

Vi vil halde fram med å legge vekt på å få innspel frå lærarar, elevar og andre tilsette. Vi vil komande skuleår presisere kva for tema vi skal ha fokus på til dei ulike tidene. Relasjonsbygging har stor plass i styringsdokumentet, og vi vil fokusere på dette.